

Gående stengde Vangstunnelen

► **VOSS:** Natt til søndag vart Vangstunnelen langs E16 stengd på grunn av gåande i tunnelen. – Politiet rykte ut til hendinga, og kort tid seinare vart tunnelen opna att, melder politiet på Twitter. Hendinga skjedde klokka 03:30 søndag.

Mann spytta på vakt

► **VOSS:** Ein mann i 20-åra vart vist bort frå eit hotell i sentrum på Voss etter at han spytta på vakta. – Politiet rykte ut til hendinga, som skjedde kvart over to natt til laurdag, seier operasjonsleiar Per Algrøy i Vest politidistrikt. Det er ikkje kjent kvifor mannen spytta på vakta.

Politiet på promillejakt

► **VOSS:** Frå klokka kvart på to natt til laurdag stod politiet ved Bjørgum for å kontrollere sjåførar langs vegen. – Politiet sjekka 15 sjåførar. Ingen fekk utslag og køyrde fint vidare, seier operasjonsleiar Per Algrøy i Vest politidistrikt. Algrøy legg til at dette er veldig bra.

Hjort drepen etter kollisjon

► **VOSS** Måndag morgon vart ein hjortekalv påkøyrte på Dyrvedalen. Kollisjonen vart meldt politiet klokka 06.50. Hjortekalven døydde av skadane.

Vart kasta ut frå utestad

► **VOSS.** Ein gjest slo seg vrang då han vart beden om å halda seg vekke frå ein utestad på Vangen natt til søndag. – Han reagerte med å kasta ein sykkel ut i vegen. Då han vart tilsnakka på nytt, skjerpa han seg og gjekk frå staden, seier lensmann Ivar Hellene.

Ville padla i skinnsøfa

► **VOSS** Det var tre gode grunnar for at to ungdommar ikkje skulle padla då dei vart stoppa av politiet klokka 02.00 natt til søndag – på Melsvatnet ved Skulestadmoen. – For det fyrste skjedde dette på eit tidspunkt der dei vekte naboar. For det andre var dei to ungdommane rusa. Og for tredje var det ein skinnsøfa dei villa padla i. Alt dette tilseier at dei ikkje var klare for padletur, sjølv om dei hadde både vådrakt og årer, seier lensmann Ivar Hellene.

Kraftig reduksjon av marknadsføringsmidlar til reiselivet:

– Dette er ein sk

Regjeringa vil redusere midlane til Innovasjon Noreg si felles marknadsføring av norsk reiseliv i utlandet med 51,5 millionar kroner.

► STATSBUDSJETTET 2019

Reduksjonen av marknadsføringa av reiselivet er på vel 22 prosent i høve inneverande år. Stortingsrepresentant Terje Breivik (V) seier at han og Venstre ynskjer å gjera noko med dette kuttet.

– Dette er ein skivebom og heilt feil veg å gå. Politikarar i alle leirar seier ved alle høve at reiseliv er ei svært viktig næring i dag og i framtida. I staden for å redusere fellessatsinga i utlandet, burde me heller ha auka den, seier dagleg leiar Mona Hellesnes i Destinasjon Voss.

Distriktsnæring

Ho peikar på at reiselivet er ei svært viktig næring, spesielt i distrikta.

– Reiseliv skaper ei rekkje arbeidsplassar som kommunane tener på gjennom skatteinngangen. Når regjeringa no går inn for å redusere marknadsføringa i utlandet, er dette eit angrep på ei av dei viktigaste distriktsnæringane me har. Me treng ei sterk nasjonal reiselivssatsing i tillegg til den lokale satsinga, seier Hellesnes.

Digital

Regjeringa grunnar reduksjonen med at meir og meir av marknadsføringa vert digitalisert.

Derfor meiner dei det er ikkje så stor trong for fellessatsing gjennom Innovasjon Noreg.

– Dette er rett og slett ikkje riktig, seier ho og held fram: Ja, meir av marknadsføringa skjer digitalt. Men me konkurrerer med land som til dømes Island og New Zealand om å vera synleg som naturbasert reisemål. Det kostar like mykje som før å laga dei gode filmene. Mykje meir informasjon enn før er no tilgjengeleg på internett, og konkurransen er endå hardare om å vera synleg. Det kostar pengar, seier Mona Hellesnes.

Skuldersesongane

Hellesnes seier at det er viktig å satsa på å få turistar hit på våren og hausten, då kapasiteten er best.

– Å satsa på desse skuldersesongane er heilt naudsynt for at reiselivet mest mogleg skal verta ei heilårsnæring og ikkje berre ei næring i høysesongane. Det siste me treng då er at sta-



SKIVEBOM: Mona Hellesnes meiner framlegget i statsbudsjettet om å redusere marknadsføringa av norsk reiseliv i utlandet by-prisen stasjonsområdet som er sjølvve navet i turistbygda Voss.

ten reduserer fellessatsinga mot utlandet, seier Mona Hellesnes.

Stikk motsett

Administrerande direktør Kristian Jørgensen i Fjord Noreg seier at regjeringa gjer det stikk motsette av det dei har lova. Fjord Noreg marknadsfører heile reiselivet på Vestlandet i utlandet.

– I erklæringa frå Granavolden sa dei fire regjeringspartia at dei ynskjer å satsa på reiselivet. Det dei gjer no, er det stikk motsette. Det er heilt avgjerande for reiselivet på Vestlandet at me lukkast med å trekkja til oss meir berekraftige turistar i skuldersesongane slik at næringa vår

kan bli ei heilårsnæring, seier Jørgensen.

Ikkje draghjelp

Han peikar på at om dette kuttforslaget vert ståande, blir meir av reiselivsmarknadsføringa overlate til nettaktørar og store incoming turoperatørar.

– Me kjem ikkje til å få draghjelp av desse aktørane til å trekkja til oss turistar i skuldersesongane. Me ynskjer turistar som reiser hit på ein meir berekraftig måte, blir her lenger og brukar meir pengar. Desse turistane er mellom dei mest attraktive i verda. Da vert det heilt feil å redusere den nasjonale reiselivsmarknadsføringa i utlandet, seier Kristian Jørgensen

Skal forhandla

Stortingsrepresentant Terje Breivik frå Ulvik seier at han forstår reaksjonane frå reiselivet på Voss og Vestlandet.

– Eg vil peika på at dette er eit framlegg det skal forhandlast om i Stortinget. Kuttet i reiselivsmarknadsføringa mot utlandet er mellom dei kutta som står øvst på lista over kutt me i Venstre ynskjer å gjera noko med. Det var Venstre som fekk inn formuleringane om satsing på reiseliv i erklæringa frå Granavolden. Dette står me sjølv sagt ved, seier Terje Breivik.

► **Bjørn Sandnes**

bsa@avisa-hordaland.no

ZIPSCREEN

VI TØMMER LAGERET

Vi tømmer lageret for zipscreen
Lyngveien 2, 5914 Isdalstø
Gratis befaring: ☎ 900 90 100

SCANDIC
- et sofekfart valg

www.scandic.no

Skivebom!



med meir enn 22 prosent, er ein skivebom. Biletet er frå då ho syntte juryen for Attraktiv
ARKIVFOTO: TERJE HJARTNES



FORHANDLINGAR: Stortingsrepresentant Terje Breivik (V) frå Ulvik seier Venstre ynskjer å gjera noko med framlegget til kutt i marknadsføringa av norsk reiseliv i utlandet.
ARKIVFOTO: ØRJAN BRATTETVEIT

565 millionar til flaum- og skredsikring

Regjeringa føreslår å bruka 565 millionar kroner til flaum- og skredførebyggjande tiltak neste år, medan NVE meiner behovet er minst sju gonger så stort.

► STATSBUDDSJETTET

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har kartlagt behova for flaum- og skredsikring i alle norske kommunane.

Og det siste kostnadsoverslaget er på drygt 3,9 milliardar kroner.

Regjeringa meiner «klimaendringar og meir ekstremvær gir større utfordringar» og føreslår i statsbudsjettet for neste år å bruka 565 millionar kroner på slike tiltak.

Av dette er 60 millionar sett av til skred- og flaumsikring i Longyearbyen. Der trur NVE at det trengst 163 millionar kroner til slike tiltak.

100 millionar kroner er øyre-

merkte tunell og skredsikring over Kvamskleiva på E16 nord for Fagernes, medan 25 millionar kroner er øyremerkte utbetring av riksvegen mellom Gran og Lunner på Hadeland.

Dermed er det 380 millionar kroner att til flaum- og skredsikring i resten av landet.

NVE trur at flaumsikring av Vossavassdraget aleine vil kosta 1,5 milliardar kroner.

► NPK

Politiet får fleire årsverk

Regjeringa føreslår i statsbudsjettet for 2020 å løyva 100 millionar kroner for å auka bemanninga i politiet.

► STATSBUDDSJETTET

Slik vil regjeringa nå målet om to politiårsverk per 1000 inn-

byggjarar neste år. Justisdepartementet opplyser at 170 nyutdanna politistudentar kan tilsetjast neste år, ut over dei som erstattar avgangar i etaten.

I tillegg vil regjeringa løyva 150 millionar kroner som fylgje av heilårsverknaden av nye politistillingar i 2019.

Politiet får til saman om lag

350 millionar kroner, og regjeringa vil gi politidistrikta større økonomisk handlingsrom.

Det ligg òg ei forventning i budsjettet om at politiet skal effektivisera i 2020.

► NPK

redaksjon@avisa-hordaland.no

Skal betala ned bompenggegjeld

Det blir lagt framlegg om å auka tilskotet til reduserte bomtakstar utanfor byområda til 1,4 milliard, ein auke på nærmare 870 millionar frå saldert budsjett 2019.

► STATSBUDDSJETTET

Auken er føreslått brukt til å betala ned bompenggegjeld i fleire prosjekt, mellom anna Hardangerbrua.

Ringeriksbanen

Det vert føreslått å løyva 528 millionar kroner til planlegging av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16. Den nye Ringeriksbanen vil korta ned reisetida med tog mellom Oslo og Bergen med ein time.

– Dette er veldig positivt. Me ynskjer 560 millionar, men kan leva med den summen som er føreslått i statsbudsjettet, seier dagleg leiar Hilde Magnusson i Forum Nye Bergensbanen.

Ingen midlar

Det vert ikkje føreslått å setja av midlar til planlegginga av K5 mellom Stanghelle og Voss.

– Me hadde ikkje venta det, men me skulle absolutt sett



BOMPENGEJELD: 1,4 milliardar kroner skal setjast av i statsbudsjettet for 2020 til å betala ned bompenggegjeld på fleire prosjekt, mellom anna Hardangerbrua.
ARKIVFOTO: SIGRID SEIM

at planlegginga hadde kunne starta alt neste år, seier Hilde Magnusson.

Fløen – Arna

Prosjektleiar Einar Larsen i Vossaløysinga AS seier det er viktig at det vert føreslått løyvd 598 millionar kr til ferdigstilling av jernbanestrekninga Fløen–Arna – tunellen mellom Arna og Bergen.

– Men me er ikkje nøgde med at det ikkje vert sett av midlar til planlegging av strekninga Stanghelle – Voss. Dette er det viktigaste me jobbar med i Vossaløysinga. Men me konstaterer at det vert sett av midlar til reguleringsplanen for K5 på

strekninga Arna – Stanghelle, seier Einar Larsen.

– Det gler oss at regjeringa set av 528 millionar til vidare planlegging av fellesprosjektet Ringeriksbanen/E16 Høgkastet–Hønefoss. Fellesprosjektet skal gje kortare reisetid mellom Oslo, Hønefoss og Bergen. Ein ferdig Ringeriksbane er viktig for heile landet då dette saman med ny jernbane Arna–Voss opnar for miljøvenleg reisetid mellom Bergen–Oslo på ned mot 4 timar, seier prosjektleiar Einar Larsen i Vossaløysinga AS.

► Bjørn Sandnes

bsa@avisa-hordaland.no

– Omtrent som venta for Voss herad

Rådmann Arild Steine i Voss herad seier at framlegget til statsbudsjett for 2020 er omtrent som venta når det gjeld Voss herad.

► STATSBUDDSJETTET

– Det ser ikkje så hakkande gale ut. Det er rekna at den samla pris- og kostnadsveksten for kommunane blir på 3,1 prosent neste år. Det vert estimert at me får ein auke i dei frie inntektene med vel 27 millionar kroner til

976,5 millionar. Dette er ein auke på 2,9 prosent i høve til dei inntektene Voss kommune og Granvin herad har i år, seier Arild Steine.

Må rekna

Rådmannen seier at dei no skal gå grundigare inn i framlegget til statsbudsjett og rekna på kva dette vil få å seia for budsjettet for heradet neste år.

– Det er ein del faktorar som ikkje er avklarte for heradet. I statsbudsjettet vert det mellom anna rekna at pensjonsinntek-

tene for kommunane vil gå ned neste år. Me veit ikkje enno om dette også vil gjelda Voss herad. Me veit heller ikkje kva utslag det vil gje at ein del midlar som før var øyremerkte, no vil koma som ein del av rammetilskotet. Me kjem til å gå gjennom og presentera statsbudsjettet for det nye heradsstyret når dei kjem saman til møte 17. oktober, seier Arild Steine.

► Bjørn Sandnes

bsa@avisa-hordaland.no